V Å G Å F J E L L S T Y R E M Ø T E B O K

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F915	Knut Øyjordet	30.03.17	17/17

SØKNAD OM BEITEAREAL VED SETRA – PÅL RAGNAR AUSTREM

Saksdokument:
1. Søknad frå Pål Ragnar Austrem av 02.02.17.
2. Brev frå fjellstyret til aktuelle partar av 28.02.17.
3. Brev frå kommunen v/landbrukskontoret av 08.03.17.

Saksutgreiing:
Pål Ragnar Austrem søkjer om å få utvist beiteareal ved setra. Han skriv i søknaden:
Eg har behov for meir innmarksbeite til dyra mine, og har no ønskje om å få lagt til eit areal ved setra i Hindseter. Då får eg nok areal til at eg kan ha dyr der og kan også få beita gjenveksten etter slått på seterkveane. Dette har ikkje vore gjennomførbart tidlegare. Eg har sett for meg at arealet ovafor setra mot nord samt mot aust kan passe. På vedlagte kart har eg skissert om lag kva som kan vere aktuelt. Arealet er på ca. 23 dekar og er avgrensa av høgspentline i nord. Det går eit råk over arealet i dag, men dette kan flyttast langsmed den nye gjerdetraseen.
Austrem driv med mjølkeproduksjon på garden. Som han skriv i søknaden, blir seterkvea onna.

Spørsmål om utvising av beite blir behandla etter § 5 i Seterforskrifta, og søknad skal sendast fjellstyret. Den skal leggjast fram for kommunen, Statskog og allmenningsstyret for eventuelle merknader. Det er slik at fjellstyret tek avgjerd om beiteareal. Spørsmål om inngjerding er ei grunndisponering der Statskog tek avgjerd etter tilråding frå fjellstyret. Sidan spørsmål om beiteareal ved setra vanlegvis omfattar areal som skal inngjerdast, så trengst det difor løyve både frå fjellstyret og Statskog. Statskog kan i samråd med fjellstyret fastsette vilkår for eit eventuelt løyve.

Søknaden vart også sendt på høyring til dei nærmaste seternaboane og til Hindflye beitelag. Det er ikkje kome noko merknader, med unntak av kommunen ved landbrukskontoret, som m.a. skriv at ut frå dyretal og areal som Austrem disponerer i dag, så har han behov for meir innmarksareal. Kart over det aktuelle arealet vil bli lagt fram direkte i møtet.

Vurdering:
Tidlegare var reglane slik at i behandling av søknad om utvising av inngjerda beite knytt til ei seter, så kunne dette skje berre ved mjølkeproduksjon på setra. Dette har det vorte lempa på. For dei fleste skjer beitebruken i ”fjellet” ved utmarksbeite, og hovudtyngda av beitebruk vil sikkert også framover skje i utmark. Særleg gjeld dette sau, men også for storfe. Og seterkvear blir hamna før beiteslepp, og om hausten etter at dyra er sanka inn frå utmarksbeite. For enkelte seterbrukarar, som i dette tilfelle, vil sjølve seterkvea bli nytta til hamn for kviger og ungdyr om sommaren. I somme tilfelle vil sikkert dette vera den beste

løysinga, både reint praktisk og for dyra. Men seterkvea kan sikkert bli i minste laget for enkelte, og utvising av ekstra beiteareal blir difor aktuelt.

Innstilling til vedtak:
Med heimel i § 5 i Seterforskrifta får Pål Ragnar Austrem utvist eit beiteareal på ca. 23 dekar inntil setra slik det vert søkt om. Fjellstyret grunngjev dette med at han har behov for meir innmarksbeite for kviger og ungdyr utover arealet på sjølve seterkvea. Fjellstyret rår difor Statskog til å godkjenne inngjerding av det aktuelle området. Sjølve utvisinga med nøyaktig avgrensing av arealet vil skje til våren/sommaren.

Vedtak:
Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:
Statskog v/Trond Berger
Vågå kommune, landbrukskontoret
Langmorkje almenning
Hindflye beitelag v/Arne Martin Solheim
Pål Tosten Håkenstad
Kåre Fjøsne

Vågåmo, 30.03.17

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16			
2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no